



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Dato: 26.09.2014  
Vår ref.: 2014/1532-29  
Saksbehandlar: frahalh  
Dykkar ref.:

## Hospitering - Ny utlysning av midlar til bedrifter i skuleåret 2014\15

Utdanningsdirektoratet etablerte i 2013 ei ordning med hospitering i alle fylke. Ordninga er vidareført i 2014-15. Hovudmålet er framleis å utvikle/oppdatera kompetansen hjå programfaglærarar og fellesfaglærarar i skule og instruktørar/faglege leiarar i bedrift, og å bidra til å gjere fag- og yrkesopplæringa betre. Vidare er det ønskjeleg at hospiteringa skal auke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv og å få alle partar til å sjå opplæringa i eit samanhengande fireårig løp.

I tilskotordninga legg vi spesielt vekt på at hospiteringa skal:

- bidra til å fornye og auke programfaglærarane sin kompetanse i eige fag, og/eller gi innsikt i andre fag innan eige programområde/utdanningsprogram
- auke instruktør/fagleg leiar sin kompetanse som rettleiar for elev/læring ute i bedrift i tråd med læreplanar og forskrifter
- bidra til yrkesretting av fellesfag for fellesfaglærarar
- styrke rådgivingstilbodet til elevar i vidaregåande opplæring

Instruktør eller fagleg leiar, avtalar opphald i bedrift/skule i minimum fem dagar, samanhengande eller fordelt over skuleåret, der føremålet er hospitering. Primært må søkjarar skaffe hospiteringsplass sjølv.

Det vil bli gitt støtte til bedrifta kr. 3.000 per dag. For ei arbeidsveke kan det bli gitt tilskot på inntil kr. 15.000.

Hospiteringa må vere gjennomført i løpet av skuleåret 2014-15. Det er krav om rapportering til skuleeigar etter avslutta hospiteringsperiode.

Lærarar i alle fag og utdanningsprogram kan søkje. Vi vil særleg oppmode fellesfaglærarar til å søkje om hospitering for å styrke yrkesretting av fellesfaga.

Søknadsprosedyre og frist: Sjå eige søknadsskjema. Vi har ikkje lagt inn søknadsfrist hausten 2014.

For meir informasjon, ta kontakt med Frank Halhjem, [frank.halhjem@hfk.no](mailto:frank.halhjem@hfk.no), Monica Håkonsli, [monica.hakonsli@hfk.no](mailto:monica.hakonsli@hfk.no) eller Marianne Haaland, [marianne.haaland@hfk.no](mailto:marianne.haaland@hfk.no).

Idéhefte og søknadsskjema om hospiteringsordninga er lagt ut på [ww.hfk.no/hospitering](http://ww.hfk.no/hospitering).

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

Frank Halhjem  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*